




Snipp, snapp snute ...

Kyrkjeallmenningen

I 2003 enda kyrkjeallmenningen sine dagar. Og formelt skjedde det då han vart oppdelt, og noko vart lagt til naboeigedomane, og noko vart ei ny bustad-tomt. I tillegg vart det halde att grunn til ein fellesveg for tilkomst til teigane i Jorangerhagen. Denne vegen vart ikkje markert ved utskiftinga av Jorangerhagen i 1972 sidan ein på den tida såg heile kyrkjeallmenningen som eit fellesareal.

Sjølv om det som ein gong var kyrkjeallmenning vart borte i 2003, så lever litt av han på ein måte i beste velgåande, men på ein annan stad. For ved oppdelingane vart det gjort eit makebyte med noko av kyrkjeallmenningen og ein innmarksteig til Prestegarden som grensa inntil allmenningen. Og så vart denne teigen lagt til eit fellesareal som under utskiftinga var skissert som opplagsplass for tømmer.

Forelskelse

Og alt dette vart gjort på grunn av at Maria Engdahl Molland og Per Tore Molland forelska seg i kvarandre, og i tillegg forelska dei seg i utsikta frå Joranger. Finare buplass enn her kunne dei ikkje sjå for seg, og starta å jobbe for å få seg tomt i kyrkjeallmenningen. For å få det til måtte ein del formalia på plass sidan den var utan registrert gards- og bruksnummer i matrikkelen og utan namngitt eigar. Sidan alle visste at dette var ein kyrkjeallmenning, vart alle samde om at den rette eigaren måtte vere Joranger kyrkesokn med Fet og Joranger sokneråd som forvaltar. Det vart føreteke kartoppmåling på eigedomene som synte seg å ha eit areal på 5400 m² og fekk tildelt gnr. 94 bnr. 6, og fekk namnet *Joranger kyrkjeallmenning*.



Maria og Per Tore 2003.





Her er vegen opp til fellesarealet ferdigbygd. Mai 2005.


Og så gjekk det slag i slag. Maria og Per Tore fekk til- delt ei tomt på 1695 m² som fekk gnr. 94 bnr. 7. Veg vart opparbeidd fram til utmarksgrinda med utgangspunkt i ein ny veg som hadde vorte bygd fram til ein nyleg frådelt bustadtomt, gnr. 95 bnr. 47. Etter vegen var bygd, gjorde grensene seg mykje sjølv. Magne Bruflat som i 1998 hadde fått matrikulert eigedomen sin frå Prestegarden til gnr. 94 bnr. 5 fekk tillagt 618 m². Dei resterande 3115 m² som inkluderte vegen vart overført som fellesareal for eigarane i Jorangerhagen. Sidan det var lite praktisk å ha dette fellesarealet slik det no låg, vart det inngått semje om *makebyte av 2200 m²* med ein teig tilhøyrande Prestegarden 94/1, og som grensa til eit tidlegare fellesareal i Jorangerhagen på Sauebakken.

Gamall allmenning

Ingen veit i dag når den gamle allmenningen vart oppretta. Kanskje må me heilt tilbake til når den første stavkyrkja vart bygd på 1100-talet, og det vart oppretta prestegard, og etter kvart vart noko av garden lagt ut som allmenning? Det er heller ikkje sikkert at den i areal har vore slik me har lært han å kjenne.

Me som bur her har alltid trudd at dette fellesarealet vart brukt til å sleppe eller tjore hestane medan folket var i kyrkja til gudsteneste, eller ved andre kyrkjelege handlingar i eldre tider.

Eg har også alltid trudd at då Prestegarden bygde nye hus tidleg på 1900-talet, på eigedomen som Magne Bruflat eig i dag (gnr. 94/5), vart bygde på allmenningen. Her hugsar eg også at det vesle huset til «Vetle-Berta» stod, bygd tidleg på 1800-talet. I bygdeboka står dette oppført som husmannsplass. Då den nye skulelova kom i 1860, vart det slutt med omgangsskular, og det vart bygd skule på allmenningen. Joranger skule vart



Joranger skulehus vart bygd på kyrkjeallmenningen og teken i bruk 1864. No står huset på gnr. 95/45.

teken i bruk 1864, men vart nedlagd i 1914 då Livdtun skule vart teken i bruk.

Gamleskulen vart først seld til ungdomslaget. Men sidan mange mislika at dei leika og dansa i «skulen», følte dei seg nøydd å selja han att. Han vart då seld til kyrkjetenar Johannes L. Joranger i 1920 som budde der nokre år før han tok det ned og flytta huset dit det står i dag, på eigedomen (gnr. 95/45) til Elin Dale og Johnny Larsen.

Nei til sal av kyrkjeallmenningen i 1922

”Aar 1922 den 18. april vart etter forutgjeven varsel eit menighetsraadmøte halde i Marifjæren, alle medlemmerne med undtak av presten møtte.

Sak no 1:

Daa det er spørsmål uppe um aa selgja Jorangers Kirkealmending, vert formannen paalagt aa senda ein partbeskrivelse mot dette salg aa senda beinveges til Kirkedepartementet.

Møtet slutt.

O. I. Joranger, Anders Molland, J. Klingenberg Marheim, Ivar E. Lad, T. A. Opheim.”

